



Familiane Taranger og Simensen nyt vinteren ved Fjellandsbøvatnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingane er flinke til å ta i bruk den fine naturen sin når sjansen byr seg, og ikkje overraskande var det mange som la turen til og rundt Fjellandsbøvatnet i dag.

Lause anslag går ut på at rundt rekna 50 bilar var innom området og hvis ein reknar med at det var 4 i kvar bil kjem ein opp i eit besøk på 200 i området. Dei 14-15 kuldegradene lot ikkje til å skremma nokon. Så var da også sola på ein faktisk varmande visitt!



Sigmund Myklebust brøyter snuplass innunder Fjellandsbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ikkje minst den nye skeisebana opparbeidd av ekteparet Moen som lokka og den fekk mange lovord. Men mange tok også skiene fatt og erfarte at entusiastar også har gjort ein god innsats med løypebrøyting. Sparken var også eit alternativ.

Og apropos innsats: Sigmund Myklebust med den svært effektive snøfresaren sin gjorde utover dagen ein stor jobb med å brøyta betre veg fram til Fjellandsbø. Ikkje minst viktig var det at han også brøyta parkerings- og snuplassar.

No ligg alt godt til rette for å nyte vintereldoradoet vårt i enda større grad!

Av Ola Matti Mathisen



Skøyter, spark og ski vart nytta i vinter-eldoradoet. (Foto: Ola Matti Mathisen)